

# indremisjons VENNER

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

06 - 2013



## Me jubilerer!

I haust har både Tveit bedehus, Uskedalen Indremisjon og bedehus samt Meling Indremisjon hatt sine jubileum.

SIDE 4-5

## Er det "trøkk" i oss?

Det er Trond Johansen, rådgjevar i Sogn og Fjordane Indremisjon som spør. Trond var med oss på haust konferansen på Helgatun.

SIDE 5

## Båttur på Genesaretsjøen

18 ungdommar og 6 vaksne frå U-Alpha, Laurhammer på Bømlo, var i haustferien på ei opplevingsrik reise til Israel.

SIDE 7

## Fullt hus på 45 min

At mange vil til Helgatun på vinterferieopphald, var det ingen tvil om på telefonkimminga 1. november.

SIDE 10

# ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,  
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

## Leiar

Marit H. Ådnanes  
Dagleg leiar



### Det verdifulle fellesskapet

«Bryr du deg om meg? Elskar du meg? Vil du leika med meg?» Dette er grunnleggjande spørsmål barnet stiller. Likevel; me sluttar aldri å stilla desse spørsmåla sjølv om me vert vaksne. Me viser berre ikkje så tydeleg at dette framleis er vesentleg for oss.

«Jeg vet at noen blir glad de gangene jeg kommer, men jeg ser det aldri på dem. De sier det heller ikke til meg. Si det, vis det! For meg blir terskelen høyere og høyere for hver gang jeg er så veldig synlig usynlig!» Sitatet er henta frå ei kvinne som satte sitt ord på fellesskapet på bedehuset. Det vart publisert på sambåndet.no 14. august, og du kan lesa brevet i sin heilskap der.

«Fellesskap på godt og vondt» var temaet under BULK 2012. Gunnar Elstad, som var hovudtalar, fortalde m.a. at i forsamlinga skal individualistiske enkeltmenneske læra å stå i eit varig og forpliktande forhold til kvarandre, dela gleder og sorger, og ha konkret og praktisk omsorg for kvarandre. «Eg bed at dei alle må vera eitt, slik du, Far, er i meg og eg i deg,» seier Jesus sjølv i bøn for sine før han vert korsfesta.

Dei fleste av oss er med i fleire fellesskap; familie, venner, jobb... Det som er spesielt i det kristne fellesskapet er at kvar enkelt er knyta til Jesus. Me er ein søskenflokk der me har Gud som far. Ein søskenflokk som ikkje har valt ut kvarandre, men Gud har valt oss ut. «Noen har sammenlignet storfellesskapet med familieselskap», seier kvinna, nevnt innledningsvis, i sitt brev. - «Noen kjenner hverandre godt, noen krangler, noen er fjerne kusiner og fettere, og noen er tantene og onklene med full oversikt. Kanskje er det greit å være en fjern tremenning, men jeg skal innrømme at jeg ønsker jeg var en fullblods datter»

I det kristne fellesskapet skal me hjelpa kvarandre til å voksa både oppover, innover og utover.

- **Oppover**; hjelpa kvarandre til å bli meir avhengige av Gud.
- **Innover**; me skal elska kvarandre, oppmuntra kvarandre og tena kvarandre. Undersøkingar har vist at eit viktig trekk ved **veksande forsamlingar er varme relasjonar**. I praksis vil det seia at me veit litt om kvarandre, og til ein viss grad kan dela gleder og sorger med kvarandre. Dette føreset at me også er villige til å bruka tid med kvarandre.
- **Utover**; me har også eit oppdrag utover – å gjera alle folkeslag til disiplar. Me er Jesu munn og hender i denne verda.

«Å byggja varme inkluderande fellesskap» er ein viktig del av IMS sin visjon. Ein visjon er eit bilete av ein framtidig, ønska tilstand. Sjølv om mykje er bra, skal me alltid få strekkja oss for å bli betre på dette området. Om menneske ikkje føler seg inkludert i fellesskapet, vil me heller ikkje i så stor grad vinna dei for Jesus og gjera dei til Hans disiplar. Korleis ynskjer du sjølv å bli sett, møtt og inkludert? «Vis det!» oppfordrar kvinna.

Layout: Jan-Ove Fagerheim  
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S  
Red.: Marit H. Ådnanes  
Indremisjonssamskipnaden  
Postboks 150, 5401 STORD  
Tlf.: 53 41 07 04  
Fax: 53 41 27 40  
Postgiro: 7877.08.43366  
Bankgiro: 8220.02.80454  
Opningstider Indremisjonskontoret:  
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00  
Fredag: Stengt  
Heimeside: www.indremisjonen.no  
E-post: post@indremisjonen.no

#### IMS-styret:

Edmund Thormodsæter, formann  
Kristoffer Tjelle  
Anlaug Harestad  
Kåre Stautland  
Hans Arne Børsheim  
Torunn Tvedt  
Marit Lindekleiv

Varamedlemmar:  
Anne Marie Solsvik  
Roy Pedersen  
Ragnhild Nesse

#### Helgatun

5713 VOSSESTRAND  
Telefon: 56 51 98 98  
Telefax: 56 51 98 99  
Bankgiro: 8220.02.80497  
Styrar: Solveig Norheim  
Heimeside: www.helgatun.no

#### Brandøy

5584 BJOA  
Telefon: 53 76 98 81  
Bankgiro: 8220.02.80470  
Husmor: Sigrun Thormodsæter

#### Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND  
Telefon: 56 55 05 00  
Telefax: 56 55 13 92  
Bankgiro: 8220.02.80292  
Rektor: Harald Voster  
Heimeside: www.framnes.vgs.no

#### SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord  
Telefon: 53 41 20 01  
www.sunnbok.no


#### Framsida-foto:

Willow tree-figur:  
Maria m/Jesusbarnet

Ynskjer du å gi ei gåve til Indremisjonssamskipnaden, kan du senda den til konto 8220.02.80454. Då går gáva direkte til Samskipnaden.

Dersom du ynskjer skattefrådrag på gáva må den sendast til konto 8220.02.80632 og merkast med ditt personnummer og "Gåve til Samskipnaden".

GÅVEBAROMETER:  
lagsgåver, gåveaksjonar  
og gjevartene pr. 30. september



# Andakt

Av Liv Stokken



## ”Det må jeg gjøre før jeg dør”

**Dette var temaet** ”Tore på sporet” hadde på eit TV-innslag i februar 2011. Gjesten var den unge friidrettsjenta, Isabella Pedersen, f. 22.02.92. På førehand var ho rangert som nr. 15 i 100 meter hekk i junior VM i Canada. Den 23.07.10 gjorde ho planane til skamme og vann 100 meter hekk i junior VM.

Fleire enn eg såg vel den unge friidrettsjenta som fekk spørsmålet: ”Kvifor gjorde du dette?”

”Jo, eg håpar at far skal sjå meg.” Tenk for ein energi og innsats ho la for dagen for å bli sett!

**I Bibelen** står det mykje om å bli sett. Jeremias 1,5: ”Før eg forma deg i mors liv kjende eg deg”. Salme 139,16: ”Du såg meg då eg var eit foster ...” Lukas 22,61: ”Då vende Herren seg og såg på Peter.”

Alle fire evangelistane fortel om då Peter forneakta Jesus, men det er berre i Lukas 22, 61 at denne sterke setninga står: ”Då vende Herren seg og såg på Peter.”

I Vårt Land 15.02.11 hadde Marianne Lystrup ein artikkel om ”Blikkets kraft.” Der tek ho fram at ein har: ”Sinte blick, overlegne, uinteresserte, flørtande, skamfulle, ertande og tillitsvekkande blick”, og ho legg til: ”Alle menneskelige følelser kan uttrykkes gjennom øynene våre.”

**Eg trur** at i Peters indre liv var det kaos. Sjølv hadde han forneakta Jesus, men ved å møta Jesu blick fekk han utløsning for dei indre spenningane, angsten og angeren.

Kva trur du låg i Jesu blick? Eg trur det låg: Bedrøvelse · Gjenkjenning · Tilgjeving · Oppreising · Kjærleik · Annerkjenning

**Annerkjenninga i møtet med Jesus**, førde til frigjering av krefter i Peters liv. Peter ville gi ei gjengave. Me møter Peter att på pinsedagen der han og dei andre disiplane vart døypt av Den Heilage Ande. Det er ein myndig Peter vi møter, som har hatt eit møte med Jesus, og som ropar ut: ”Vend om og lat dykk døypa i Jesu Kristi namn. Kvar og ein av dykk, så de får tilgjeving for syndene. Då skal de få Den Heilage Ande som gåve.” Apg. 2,38.

Isabella Pedersen fekk spørsmål i august 2013, etter ein konkurranse, om ho hugsa kva ho hadde sagt 23.07.10. Ja, det hugsa ho. Og etter det hadde ho fått veldig god kontakt med faren.

## Saman - på tvers av.....

**BULK Barne- og ungdomsleiarakonferanse, Brandøy 18. - 19. jan 2014**

Årets BULK er på trappene. Midt i januar møtes me til ei helg med masse påfyll, inspirasjon og utfordringar. Dette er ei helg for deg som vil veksa i kristenlivet, som har vore eller vil bli leirleiar, som er med og driv eit lag, som er meir eller mindre aktiv i menighetsarbeid eller som berre treng ei helg med andre kristne.

**Trygve Sandvik** - tidlegare prest, misjonær, redaktør, forfattar og med 90 års livserfaring vert med og har bibeltimar om samhald i tenesta, på tvers av.... Og om å være disiplar saman og støtte kvarandre.

**Morten Eikli** - student og leiar av Tabutorsdag i Storsalen - skal ha tabuseminar; om å ta opp tabu-tema, korleis me snakkar om vanskelege emne og korleis me møter menneske som tek opp ulike tema.

**Kjetil Fyllingen** - Imf-UNG sin nettkonsulent og tilsett i Damaris - vert med oss med seminar om Apologetikk/Trusbegrunding: kva, kven, kvifor og korleis?

**Marit Adnanes** - dagleg leiar i IMS - har seminar om ”Tro i hjemmet”, basert på Lev-Livet-konferansen som var på Sandnes i haust.

**Bibelskolen Bildøy** vert med oss med team frå musikklinje og KRIK-linje, dei hjelper oss med forsong, lovsong og fysisk fostring.

Tilsette i IMS og medlemmer av BUR vert med som leiarar.

Utanom dette vert det ei helg med godt sosialt fellesskap, måltid, avkopling og tid til å dela. Sjå info om påmelding bakpå bladet. DU er velkommen!!

## BØNE SPALTA

### BE FOR:

- Fellesskapet på bedehuset og leiarane våre
- BULK i januar, og dei siste leirane våre før jul
- Framnes; alle elevane og personalet
- Økonomien til IMS

### BE OM:

- At me kan møta kvarandre med «varme» blick
- Visjonar og draumar for arbeidet
- Godt førjulssal for SunnBok

### TAKK FOR:

- Flott haustkonferanse på Helgatun
- Brandøy og Helgatun og for leiar som er gjennomførte
- Jesus - og julehøgtida me går inn i

# Flott oppmøte under



## Leirvik, 11.-13. oktober

For tredje året på rad vart ungdomsarangementet Pit stop avvikla på Leirvik bedehus torsdag til laurdag i haustferien. Scena oppe i møtesalen var flott pynta med tronsol, elv av tøy, blommar og bibelord på veggen. Ei gruppe frå Bergen leia oss i lovsong på alle møta, og me fekk høyra interessant, ærleg og utfordrande forkynning og undervisning. Temaet for dagane var «håp». Torgeir Nygård og Ruben Lie Monsen var hovudtalarar.

Fredag hadde Morten Eikli «Dating og singelliv»-seminar. Saman med Ruben Lie Monsen, svara han også på spørsmål under «Grill ein kristen». Dette er ein interessant time der ungdomane sjølv stiller spørsmål om Gud og det kristne livet: «Korleis seier ein ja, til Gud?» «Er det synd å banna?» «Kvifor lever me, og kva er eigentleg vitsen med alt?», var nokre av spørsmåla.

Laurdagen kunne ungdomane velja mellom ulike seminar med lokale føredragshaldarar. Me hadde òg aktivitetar fredagen for å variera litt i programmet. Det var ny rekord på kveldsmøta; mellom 120-140 ungdomar kvar kveld, og dagtid var det også 70-90 stk som fekk med seg bibeltimar, middag, seminar og aktivitetar. Pit stop samlar ungdom frå fleire bygder. I år var det rundt 20 stk som overnatta på Leirvik skule; frå Kvinnherad, Vindafjord, Bergen, Stavanger-kanten og Trondheim.

### Fire ungdomar om Pit stop:

*Korleis har du hatt det? - Noko spesielt du sit igjen med etter dagane?*



#### Hege Marita Engjom, 15 år, Tysse

- Eg har hatt det veldig gøy. Det var kjekt å vera i eit kristent fellesskap, læra nye ting og repetera det eg kunne frå før. Eg har blitt kjent med nye folk. Mange kjente eg også frå leir. Kristne som ikkje var her, har gått glipp av ei veldig fin oppleving.
- Dating og singelliv. Lærte mykje her. Alle er bra på kvar sin måte!



#### Eirik Stople, 24 år, Sandeid

(T2-elev på Bildøy som reiste på Pit stop med ungdomar frå Feedback-miljøet i Vindafjord)

- Eg har opplevd mykje bra; møter og seminar. Dette er mitt første Pit stop på Leirvik. Eg har blitt kjent med nye folk, og snakka med tidlegare kjente.
- Fellesskapet med dei eg reiste med, pluss fellesskapet på skulen har vore flott.



#### Jonas Børtveit, 15 år, Stord

- Alt har vore bra! Eg har fått mange minne, og blitt kjent med mange nye folk.
- Seminar med Morten Eikli var spesielt bra.



#### Anna Harestad, 18 år, Sagvåg

- Fint! Veldig bra og kjekt. Lovsng og seminar var bra.
- Morten Eikli. Noko av høgdepunktet. Morosamt og bra det han sa. Elles har eg blitt utfordra på å vera utadvent i kristenlivet.

# ME GRAT

## Tveit bedehus – 100 år

Søndag 15. september var det dekkja til fest på Tveit bedehus, Tysnes. Formann i Tveit Indremisjon, Dagfinn Brandsæter, leia festen, og kona Wenche gledde oss med song. Marit Hårklau Ådnanes heldt andakt, og minna oss på å halda oss nær til Jesus.

Etter inntak av festkaker, heldt Sigmund Meland eit historisk attersyn om bedehuset, og kom også innom indremisjonsarbeidet. Alt frå starten i 1913 stod det i vedtektene at bedehuset tilhørte indremisjonsfolket i bygda, men sjølve indremisjonslaget vart ikkje oppretta før i 1978, og er såleis 35 år. Det har vore eit aktivt arbeid gjennom 100 år. I dag er det laurdags-søndagsskule oppe på loftet på bedehuset.



## Uskedalen Indremisjon 150 år – bedehuset 80 år

Det var i Uskedalen det heile starta. Samson Stueland, som også var ein av grunnleggjarane til Indremisjons-samskipnaden, har hovudæra for oppstart av Uskedalen Indremisjon (UIM).

Fredag 25. oktober feira dei både UIM 150 år, og bedehuset 80 år. Harald Kjærland leia festen. Leiv Nesh i forkant halde møter. Camilla Myklebu hadde eigen songsekvens, og unge frå med song. Kjærland og Sella Hjørneva feststemte frammøtte vart servert båd og song og betasuppe og blautkake og det å lesa på [www.uskedalen.no](http://www.uskedalen.no).



# «Er det noe “trøkk” i oss?»

**Orda kjem frå Trond Johansen**, rådgivar i Sogn og Fjordane Indremisjon. Me er på Helgaton på Haustkonferanse 1.-3. november. Ulikt antal deltakarar frå dag til dag, men 70-80 stk er innom konferansen med smått og stort. Eige barneopplegg gjer sitt til at også fleire familiar har funne vegen til Helgaton. Etter å ha rista oss saman med god kveldsmat, leik, andakt og song fredagskveld, er me klare for hovudtema «Motstrømsfolket» laurdag, med Trond Johansen.

- Eg trur dei gamle metodane verkar; arbeid og bøn. Men er det “trøkk” i oss? Det finst enorme moglegheiter der ute. Du kan faktisk få fisk, nesten første gong du prøver.

**Det norske folk sine meiningar** om indremisjonen og bedehuset; Motstrømsfolket, er undersøkinga blitt kalla, som Trond har tatt initiativet til.

- Dette er ikkje ein konferanse for pålessing av dårleg samvit, men ei samling for om mogeleg å hjelpa kvarandre til å sjå moglegheitene, understrekar Trond. 2 av 10! Så mange er det som går rundt og tenkjer på om dei skal bli kristne eller skulle vore med i ei kristen forsamling. På Voss vil det seia 2.800 menneske. Kva er viktig for oss; å fronta det me står for, eller å møta folk der dei er? Mange har ingen som kan fortelja dei om Gud, vera der og be, eller kanskje berre prata... Men dei har deg! Det var ikkje dei der ute som fekk kallet om å gå med Guds ord til folket, det var deg og meg.

**72 % i undersøkinga** seier at dei kristne dei kjenner ikkje er så opptatt av å formidla trua si. - Talet er vondt, seier

Trond, og eg gruar meg til å presentera talet kvar gong eg presenterer undersøkinga. Me må komma oss ut! Grillparty, kalla Trond det. Me kuttar ut våre behov. Me lagar samlingar, gjerne ein annan høveleg stad enn bedehuset, der me kan vera saman med menneske rundt oss. Målet er ikkje nødvendigvis at menneske skal bli frelst den kvelden, men at dei har det så kjekt at dei ynskjer meir av oss. Problemet er ofte å få bedehusfolket til å komma på grillpartya.

- **Me er eit motstrømsfolk.** Det er kjempegøy å vera kristen. Tenk alt me får oppleve. Indremisjon blir det når den eine kjenner kall til å vera den eine som viser den eine vegen til evangeliet, avsluttar Trond.



Flotte leiarar boltra seg i snøen med borna, ...



... medan dei vaksne var inne og høyrde på Trond Johansen.

# TULERER!



Leiar gjennom snart 10 år Jon heim heldt festtalen, og hadde også lyst og Tone Reinertsen Hellesøy Hobbyklubben opna heile festen dag hadde historisk kavalkade. «50 e mange gode ord, vakker musikk g vil minnst samkoma lenge» står

## Meling Indremisjon – 100 år

10. november, nøyaktig 100 år og 1 dag etter at Meling Indremisjon vart eige lag, var det invitert til storfest i Meling bedehus. Då hadde dei alle-reie «feira» fleire dagar. Onsdagen i forkant starta Marit Stokken med møter. Sjølve festdagen vart leia av formann i Meling Indremisjon, Kjell Sønstabø. Erik Furnes heldt talen. Barnekoret, ei gruppe frå Bremnes kantori og Marit Stokken gledde med song. Anne Marie Jacobsen heldt eit attersyn over Meling Indremisjon. Indremisjonen har halde fram med onsdagsmøte like sidan starten av laget. Samstundes har det kome til nye arrangement som pizzakveld laurdagar, noko som samlar alle generasjonar. Folk i bygda stilte opp med festmat denne dagen; smørbrød og kaker av alle slag, desse fall godt i smak hos dei rundt 100 frammøtte.



# Barne- og ungdomssidene



Linda Johannes Lise Marie

## Leirar Vinter/Vår '14

### Brandøy:

#### Vinterleir

24.-27. februar

5.-7. klasse

Pris: Kr. 750,-

#### Yngsteshelg

7.-9. mars

2.-5. klasse

Pris: Kr. 580,-

#### Juniorhelg

28.-30. mars

4-9 år m/følgje

Pris: 4-9 år: Kr. 400,-

vaksne: Kr. 780,-

(påmelding frå 18.2 kl 9)

#### Påskefestival

11.-15. april

8. klasse og oppover

Pris: 1020,-

#### 20/30-leir

18.-20. april

For alderen 20-30 år

Pris: Kr. 820,-

### Helgatun:

#### Skiweekend

7.-9. februar

1.vid og oppover

Pris: Kr. 820,-

(påmelding frå 7.1.14 kl 9)

#### Skiweekend

14.-16. februar

8. kl-1. vidg

Pris: Kr. 730,-

(påmelding frå 7.1.14 kl.9)

#### Superhelg

23.-25. mai

0-9 år m/følgje

Pris: 3-9 år: Kr. 400,-

vaksne: Kr. 780,-

Tlf 53 41 07 04  
post@indremisjonen.no  
www.indremisjonen.no



**ims**  
Indremisjonssamskipnaden  
*Med Guds ord til folket*

## Haustleirane er i gong

Når du les denne "Venen" har allereie mange av leirane for hausten vore, og her får du nokre glimt frå to av dei.

**Siste helga i oktober** var det Yngsteshelg på Brandøy. Denne leiren var fullteikna ganske lenge i førekant, og me var til slutt 68 spente 3., 4. og 5. klassingar samt ein fin gjeng leiarar samla til ei flott helg.

Tema for helga var "Gud kan bruke alle", og dette fekk me fortalt gjennom mange ulike historiar og oppgåver. Siv Renate Toft frå ImF-ung var med oss og hadde bibelsamlingar om ulike personar som Gud kunne bruka, akkurat som dei var. Gud brukte David og Ester, han brukte guten med nistepakken og han brukte Saulus, alle hadde dei ei viktig oppgåve sjølv om dei ikkje var dei største og tøffaste.

Gjengen på Yngsteshelg fekk òg ei helg med mykje leik og moro, gymsalen var flittig brukt og me fekk masse god mat. Laurdag ettermiddag hadde me 50-løp ute, i bra opphaldsvær etter ei natt med generelt mykje vær, og om kvelden var det sjølvsaft flott leirfest der mange bidrog med ulike innslag.

**Neste leir ut var Tenhelg** første helg i november. Brandøy var staden og ungdomsskolen var alderen. Dette må ha vore ei travel helg for mange vaksne, for det var mest umogleg å få tak i leiarar, og leiren var nær ved å bli avlyst... Men i siste liten, og etter eindel forbøn, la det seg til rette for leir.

53 deltakarar reiste til Brandøy for å høyre om Gud og ha det kjekt med gamle og nye vener. Johannes Olsen var leirsjef og Solveig Hosøy frå ImF-Ung hadde bibeltimane. Tema for leiren var "One way", og me fekk læra at Jesus er vegen, sanninga og livet.

Det var ein flott leir med mykje gøy aktivitet og lite søvn. Me var velsigna med været. Det regna stort sett heile tida, men då me skulle vera ute var det opplett heilt til me gjekk inn. Gud velsigna leiren med god mat og nok leiarar. Det var rett og slett ei fantastisk helg!





Ingfrid Lars Magne

# Mitt bibelvers!



Søk først Guds rike  
og hans rettferd, så skal de  
få alt det andre i tillegg.

Matteus 6,33

Frida Markhus  
13 år, frå Foldrøyhamn

## U-Alpha Laurhammer på tur til Israel

I oktober reiste 18 unge og 6 vaksne til Israel. Turen var planlagt av leiar av U-Alpha, John Morten Espevik og reiseleiar Svein Bjarne Aase.

3. oktober reiste vi frå Svortland, via Riga, til Israel.

Då me landa i Tel Aviv, Israel, vart me møtt av guiden vår Eva. Ei flott dame som fortalte levende og engasjerande om historia til Israel. Eva følgde oss i vår faste buss på første del av turen. Vel framme i Tiberias var det godt å sjekka inn på hotellet etter ei lang reis.

**Først besøkte me "Søndagsskulesjøen".** Me var på båttur på Genesaretsjøen, fiska, men fekk ikkje fisk, så Petersfisker til lunsj måtte me kjøpa. Me gjekk på stiar som Jesus gjekk på for 2000 år sidan, frå Saligprisens berg og ned til Genesaretsjøen der brønderet skjedde. Me fekk besøka Kaper-naum og synagogen der Jesus reiv ned salsbodene. Dagen vart avslutta på Golanhøgden med spennande krigshistorie, dagens høgdepunkt for ungdommane var stopp ved tanksar og israelske soldatar.

**Dag 3 kjørte me langs Jordanelva,** og dagens høgdepunkt var bading i ein nydelig oase med varme kjelder. Me hadde òg stopp ved Jesu døypestad og Jeriko, Israels eldste by som i dag er under Palestinsk styre. Siste stopp for dagen var ved Klagemuren før me sjekka inn på hotell «Jerusalem Gate»

**Dag 3-6 utforska me Jerusalem** med ny guide, Ronny. Han var levande opptatt av Israels historie og kunne utrolig mykje. Der var det mykje å få med seg av bibelhistorie, frå både gamal- og nytestamentleg tid. Seinare fekk me tid til handling og pruting i Gamlebyen, kven klarte å få rimelegaste beduinskjerf? Me fekk oppleva ei flott nattverdstdund i Gravhagen. Ein tur i Davids by var nok eit av dei mange høgdepunkta frå Jerusalem; der vandra me gjennom ein 500 m bekmørk vanntunnel, lik den David invaderte Jerusalem med.

**Dag 7 kjørte me ned til Dødehavet** for gjørmesmøring og bading. Det var ei fantastisk oppleving å liggja

slik å flyta i sjøen. Neste stopp var Massada, utrolig å sjå kor siviliserte romerane var for 2000 år sidan. Natta skulle tilbringast i Beduinleir, og med beduinklede og skjerv var me klar for kamelriding i ørkenen. Det var ein uforgløyemeleg tur i solnedgang. Om kvelden vart det flott lovsong rundt leirbålet i lag med Grimstad bibelskule, som me tilfeldig treffe der. Kristoffer Aase hadde med ukulelen sin, den var flittig i bruk på samlingane om kveldane. Flott å sjå ungdommane syngja "Namnet Jesus" for full hals!

**Dei siste dagane var me i Eilat** ved Rødehavet, heilt sør i Israel. Her var det fantastisk fint i sjøen og mange flotte fiskar og korallar. Det var godt med litt avslapping på slutten av turen for å la alle opplevingar synka inn.

Me hadde ein fantastisk tur ilag med fantastiske ungdommar, ungdommar som har fått Israel kjær.

Shalom, Ingebjørg Espevik



# Julehelsing frå Framnes

Kjære vener av Framnes! Det er veldig kjekt å kunne sende ei lita helsing frå Framnes denne jula. Me merker godt at me står i ein samanheng der budskapet om Jesus er viktig å formidle. Me har i haust hatt mange møtedagar, og berre denne veka har Framnes hatt besøk av ikkje mindre enn to forkynnarar frå indremisjonen. Begge har også delteke på arrangementet Rejoice i Norheimsund denne helga. Samstundes har me denne søndagen i november også besøk av misjonsbåten Eliser. Alt vert skipa til for at budskapet om Jesus skal nå ut til så mange som muleg. Det er derfor kjekt at mange elevar møter opp på møta våre. Dagane er som vanleg travle både for elevar og personale. Mykje skjer både i skuletida og utanom. Den største overgangen for personalet denne hausten har kanskje vore å gi frå seg lunsjrommet, Blåsalen, til elevane. Elevane er så mange til måltida at matsalen har vorte for liten. Personalet flyttar derfor ein etasje opp til personalstova. Den er nok litt mindre, men med litt omorganisering vonar me det går greit. I det store og heile går det godt med oss her inne på Framnes. Me takkar for all velvilje, omtanke og forbøn. Me er privilegerte som er omgjevne av ei stor støttegruppe i misjonsfolket og eit fantastisk kjekt ungdomskull!

God jul til alle! - For personalet på Framnes, Harald Voster, rektor



## Julehelsing frå arbeidarane!

På vegne av arbeidarane i IMS vil eg rette ein stor takk til alle som på ein eller annan måte er engasjert i arbeidet me står saman i. "Jul du har så ljøs ein klang" heiter det i ein julesong, det er fordi Jesus kom og fordi Han er ljøset for verda. Og budskapet Hans til oss er som englane sin julenatt. "Ver ikkje redde, eg kjem med bod til dykk om ei stor glede. Kven er "dykk"? Jo, det er deg og meg og alle som høyrer budskapet.

Upp, gledjest alle, gledjest no, med Fagnad, Fred og heilag Ro.  
I Herren dykkar Gleda!


For Jesus Han er no so nær, og vil då Han oss heve kjær,  
uti vårt Kjøt seg kleda, ut i vårt Kjøt seg kleda.

Burt Sorg og Saknad or vårt Sinn! Guds gleda lata me no inn.  
At med kan Jesus fagna,  
Med Bøn og Hjartans Takk og Tru, med honom skal i Fred me bu,  
og Gleda aldri tagna, og gleda aldri tagna.

Gud, lat din Fred som høgje er, enn Hug og Vit kan fata her,  
vårt Hjarta vel få vara,  
i Kristus Jesus at me må, so stor ei Jolegleda få,  
Som aldri burt må fara, som aldri burt må fara.

*Thomas Kingo*

**Velsigna jul til deg og dine!**





# Søndagsmøte i Betania bedehus, Osøyro

Frå hausten 2008 har Os Indremisjon, Hagavik Indremisjon og Os samskipnad av Norsk Luthersk Misjonssamband arrangert faste søndagsmøte med talarar frå Indremisjonen, Misjonssambandet og nokre gonger frå andre samanhenger.

Ettersom det vart mindre besøk av talarar til møteveker og enkeltmøte, vaks behovet for regelmessige møter fram. Guds folk har trøng for å koma saman om Guds ord for sin eigen del og for å få noko som ein kan bera med seg ut i kvardagen. Møta er kl 11.00 annakvar søndag og samlar jamnt over ein trufast og lyttande tilhøyrarflokk. Regelmessige nat-tverdsamlingar vert òg lagt inn i møteprogrammet.

Dei fleste av tilhøyrarane har nådd pensjonsalder, men det er òg fleire frå yngre generasjonar. I Betania bedehus trives generasjonane saman.

På møte søndag 13. oktober hadde me besøk av Roald Evensen frå Indremisjonsforbundet og songaren og pianisten Arne Edvard Meling. Evensen tala om emnet "Ha tru til Gud" frå Mark 11,22. Kor godt det var å bli minna om det! Meling spelte piano og song med si kraftige stemme, kjære og kjente songar frå Sangboken.

Denne søndagen fekk me og informasjon om misjonsarbeidet i Finnmark, der Evensen og Meling regelmessig har møteturar til.

Søndagsmøte vart avslutta med den "aronittiske velsinginga", før det vart invitert til bedehuskaffi med noko attåt.

Frå ein takknemleg tilhøyrar



Arne Edvard Meling



Roald Evensen



Jule-CD  
frå Knut Inge Røen  
**Kr. 100,-**



Ny CD frå Knut Inge Røen:  
Welcome Home  
**Kr. 150,-**

## Flotte julegaver til barn



## Nydelege CD'ar for kvar ein smak...



Waldemar:  
Jonny  
og Conny  
**Kr. 198,-**



Emeline  
og Sunniva:  
Lovsang  
for heile  
familien



Jule-CD frå  
Marit & Irene  
**Kr. 159,-**



Ny andaktsbok  
frå Egil Sjaastad  
**Kr. 298,-**



Nydeleg roman  
**Kr. 329,-**



Lettlest  
for ungdom



Nye  
evighets-  
kalenderar  
**Kr. 198,-**



**SunnBok**

Stord - Tlf.: 53 41 20 01  
[www.sunnbok.no](http://www.sunnbok.no)

# Helgatun-helsing

## Kjære Misjonsvener!

Heilt utruleg - me skriv november og skal samla oss om oppsummering av året 2013 og samtidig få ynskja god jul!

**TAKK er det fyrste ordet** eg vil ta fram. Året 2013 var året der me fekk markera at Helgatun har fått vore til velsigning for så mange gjennom 40 år. Takk til alle som har brukt Helgatun. Takk til alle som har gitt pengegaver, naturalia, vinstar til utlodding, gåver til bruk både inne og ute. Takk til alle som har stilt opp i dugnadssamanheng, takk til trufaste medarbeidarar som har stått på både seint og tidleg, kvardag som helg!

**Når det gjeld nyinvestering** er det kjøkkenet som står for tur. Ei stor investering, men ei viktig sak. Helgatunstyret og IMS har valt å gå for nytt kjøkken, det gled me oss over. Innsamla midlar pr. 01.11.13 er kr 721.919,-. Takk til kvar og ein som har vore med her. Fortsatt jobbar me med innsamlinga, til meir me får inn i gåver til mindre vert låna.

**Gled oss over alle gode og rike stunder** me har hatt med dei ulike gruppene. Tenkjer på Haustkonferansen til IMS, kvinnehelga, leirane, turane og treffa. Veit at det var så mange som fekk inspirasjon og kveik til ny kvardag! Takk til alle som har vore talarar, songarar og medhjelparar, takk til deg som var ein fantastisk mottakar og inspirator.

**Ein ny vintersesong** ligg framfor oss no. Snøen lavar ned i dag og gir ein god forsmak på julestemning og vintersesong. Ser framover med ein sitrande spenning og forventning. Kva vil Gud bruka denne vinteren til? Måtte Gud få utrusta og fylla oss med sin varme og omsorg så me kan få bera det med oss til små og store gjester og medarbeidarar!

Så vil alle på Helgatun få ynskja kvar og ein ei velsigna julehøgtid og eit godt og fredfullt nyttår! Takk for alt me fekk dela i 2013. Vel møtt i 2014.

Varme helsingar frå  
Helgatunfolket  
Solveig Norheim



## Takk til Anny!

Anny Berge har vore ansatt på Helgatun i elleve år. No til nyttår går ho av med pensjon, og flyttar tilbake til heimlege trakter. Anny er vaksen opp i Ølensvåg. Saman med dagleg leiar, Solveig Norheim, har Anny vore Helgatun sitt ansikt utad; tatt imot gjester, bestillingar m.m. Elles har ho trådt til der det trengst, anten det er på kjøkenet, reingjera rom eller andre ting. Me takkar deg varmt for tenesta, og ynskjer deg lukke til med pensjonisttilværet.

## Fullt hus på 45 min

I veke 9 (22. februar – 2. mars) er det igjen tid for vinterferieopphald på Helgatun. Frå kl 08.00 1. november kunne folk melda seg på. Dagleg leiar, Solveig Norheim, fortel at allereie kl 07.15 kima dei første telefonane. Men ho lot dei ringa... Nøyaktig kl 08.00 løfta ho av røyret for første påmelding, og kl 08.45 var veka fullbooka. Det er flott at så mange er blitt glade i Helgatun, og vil tilbake til Misjonshotellet i Myrkdalen år etter år. Kjekt er det også med nye som finn vegen.

1. desember kl 08.00 kimar telefonane på nytt. Då er det opptak til påskeferieopphaldet.



# Reiseruta desember

## Marit Ådnanes

06.-08.12 Ungdomshelg Helgaton  
28.12 Samnanger Misjonsforsamling  
29.12 Sagvåg Indremisjon

## Lise Marie Th. Litlabø

02.12 Barnekoret Songbuketten  
06.12 Prosjekt Finnås  
17.12 Sagvåg Indremisjon  
26.12 Gilje og Thormodsæter IM  
29.12 Jondal Indremisjon

## Kåre Johan Hamre

04.-05.12 Granvin Misjonslag  
09.-13.12 Helgaton  
28.12 Steinsdalen krins

## Jens Tveit

29.12 Moster Indremisjon

## Liv Rolfsnes

29.12 Fitjar Indremisjon  
I tillegg oppgaver som område-  
sekretær for Odda/Ullensvang

## Marit A. Røen

01.12 Odda Indremisjon  
27.12 Fosse Indremisjon

## Aksel Ingvard Johanessen

08.12 Laurhammer Indremisjon  
28.12 Hiskjo Indremisjon  
04.01 Horneland Indremisjon

## Ola Malvin Lomheim

15.12 Gilje og Thormodsæter IM

## Knut Inge Røen

01.12 Odda Indremisjon

## Ingfrid Byrkja Hystad

30.11-01.12 Miniadventshelg Brandøy  
03.12 Samnanger Barnekor-  
og King Sing  
05.12 Ølensvåg Yngres  
29.12 Laurhammer Indremisjon

## Johannes Olsen

06.-08.12 Ungdomshelg Helgaton  
22.12 Horneland Indremisjon

## Ruben Lie Monsen

27.11-01.12 Gilje og Thormodsæter IM

## Linda Aase

06.-08.12 Adventshelg Brandøy  
28.12 Tveit Indremisjon



## Julehelsing frå Brandøy!

Det finnes ei gleder som ingen kan ta frå oss. Ei gleder som ikkje er avhengig av ytre forhold. Det er englebudet frå himlen: I dag er det fødd dykk ein Frelsar.

*Det tona i ei midnattstund Eit herleg englekor.*

*Med gylne harper steig dei ned, Med gledebod til jord.*

*Dei song om fred, dei song om fryd, Om frelsa frå all trong.*

*Og verda hørde høgtidsstill Den signa englesong.*

## Nye dusjvegger på Brandøy

Brandøystyret ynskjer å takka alle som har vore med og gjeve eit bidrag slik at vi i løpet av hausten har fått byta ut dusjforhenga med faste dusjvegger på alle romma på Brandøy! Takk til alle som har stilt på dugnad og montert dei opp, og takk til W. Engelsen Eftf. AS som gav oss ein veldig god pris på veggene.

## God jul frå Brandøy

Daria og Sigrun

## Daria i full sving på Brandøy

14. oktober starta

Daria Holowinska som  
kock/internathjelp på Brandøy.

Ho skal vikariera for Anne Gro  
Lunde Dogan som har permisjon  
frå stillinga si fram til sommaren.

Daria er frå Polen, og har budd i  
Ølen sidan sommaren 2011.

Ho har gått fagskule i næringsmiddel-  
teknologi i Gdansk, og har arbeids-  
erfaring frå Sanderstølen Høyfjells-  
hotell, Oset og Ølen hotell, samt

Bjoa barnehage. Me ynskjer  
Daria velkommen til  
Brandøy og IMS.



B



NORGE P.P. PORTO BETALT

# PÅ TAVLA

- Et spennende julehefte for deg mellom 4 og 12 år

☘ Gode historier ☘ Reportasjer ☘ Hobbyaktiviteter  
☘ Julenøtter ☘ Innsendingsoppgaver



Vil du kjøpe og/eller selge Barnehelg?

Her kan du tjene penger til årets julegaver:  
5-16 blader kr 9,-/blad (20 %)  
20-49 blader kr 11,25,-/blad (25 %)  
over 50 stk kr 13,50,-/blad (30 %)  
Kontakt indremisjonsforbundet på tlf. 56 31 42 40 eller på e-post: barnehelg@imf.no kr 45,- pr. blad

BULK Barne- og ungdomsleiarakonferanse  
Brandøy 18. - 19. januar 2014

Saman - på tvers av.....

Me har med oss: Trygve Sandvik, Morten Eikli, Kjetil Fyllingen, Marit Adnanes, team frå Bildøy (musikk og KRIK)

Påmelding og informasjon: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no),  
[post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no), tlf: 534 10704

ims  
Indremisjonsammekorpsiden

LIK OSS PÅ  
facebook

Vintermøte  
Bremnes kyrkje  
2. februar kl 1900

- Tale: Edvard Foss  
- Lokale songkrefter  
- Kveldens gjester:  
Astri L. Sakseide &  
U-Alpha Laurhammer

Skiweekend  
Helgatun

7.-9. februar 1. vid og oppover  
14.-16. februar 8. kl - 1. vid  
Hugs påmelding frå tysdag 7. jan. 09.00



Tema: Søstre  
Damehelg Brandøy  
14.-16. februar 2014

Hjarteleg velkommen til  
**BRANDØYTREFF**  
28. febr. til 02. mars 2014

Dette er ein leir som er tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming saman med ledsager.

Her har vi det kjekt med lek og morro, bibelforteljing, song og musikk, gode mat og nye vener.

Kjenner du nokon som leiren kan passa for?

Påmelding til: Indremisjonskontoret tlf. 534 10704

ims  
Indremisjonsammekorpsiden

20.-22. juni 2014 skal me feire at IMS er 150 år!  
Følg med på [www.facebook.com/ims150](http://www.facebook.com/ims150)